
Saksnr: 2019/11-79
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		11.05.2021

Søknad om midlertidig fritak frå verv - Karianne Torvanger (A)

Forslag til vedtak

Karianne Torvanger vert innvilga midlertidig fritak frå vervet som leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse.

Samandrag

Karianne Torvanger (A) har søkt om midlertidig fritak frå sitt verv som leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse. Fylkesrådmannen finn at vilkåra for fritak er oppfylt, og rår til at søknaden vert innvilga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Søknad om midlertidig fritak

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Karianne Torvanger (A) har ved søknad datert 21. april 2021 søkt om midlertidig fritak frå sitt verv som leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse. Søknaden om fritak gjeld frå søknadsdato og 14 dagar fram. Søknaden er grunngjeve med personlege forhold.

Vedtakskompetanse

Av reglement for fylkesutvalet punkt 3, går fram at fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore vedteke av fylkestinget, når det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle til dette, jf. kommunelova § 11-8.

Mynde til å gjere vedtak i søknad om midlertidig eller varig fritak frå verv som folkevald ligg til fylkestinget, jf. kommunelova § 7-9 (2).

Søknader om midlertidig fritak kan vere av kortare eller lengre tidsrom. Når folkevalde ber om fritak omgåande, meiner fylkesrådmannen at det av omsyn til den folkevalde er naudsynt å treffe vedtak så raskt som mogleg. Fylkesrådmannen legg difor saka fram for fylkesutvalet, og føreset at dette vert etablert som praksis i Vestland fylkeskommune.

Vurderingar og verknader

Av kommunelova § 7-9 (2) følger:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.»

Av førearbeida (Prop. 46 L. (2017-2018) s. 364 følger:

«Fritak kan innvilges dersom det vil være til vesentlig ulempe for den folkevalgte dersom vedkommende ikke innvilges fritak. Det siktes her først og fremst til forhold knyttet til den folkevalgtes helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold og andre sterke velferdsgrunner. Etter bestemmelsen må det foreligge vesentlig ulempe. Dette innebærer at det ikke skal være kurant å få fritak. Det følger av andre punktum at det skal mer til for å få fritak fra vervet som folkevalgt dersom forholdet som begrunner fritakssøknaden, var kjent da vedkommende samtykket til å stille til valg.»

Torvanger har grunngjeve søknaden med personlege forhold. I pressemelding datert 21. april 2021 på Vestland fylke sine heimesider, går fram at fylkeskommunen har engasjert advokatfirmaet Thommessen til å gjere ei forundersøking knytt til Torvanger og hennar nære relasjon sin habilitet og gyldigheit av vedtak fatta av folkevald organ. Det går fram av pressemeldinga at forundersøkinga vil ta om lag 14 dagar.

Fylkesrådmannen finn at det vil vere vesentleg til ulempe for Torvanger om fritak ikkje vert innvilga, og at vilkåra for fritak dermed er oppfylt.

Vurderinga av vesentlevilkåret etter lova er knytt til den folkevalde. Fylkesrådmannen vil likevel peike på at det i tilfelle som her dessutan er særskild viktig at offentlegheita har tillit til forvaltninga.

Konklusjon

Søknaden vert innvilga.